

VERDS- ERKLÆRINGA OM ARKIV



Declaration adopted
by the 36th session of
the General Conference
of UNESCO



international council on archives
conseil international des archives

Arkiv dokumenterer avgjerder, handlingar og minne. Arkiv er ein **unik** og **uerstatteleg** arv som blir overført frå **generasjon til generasjon**. Arkiv blir forvalta frå dei blir til, for å **verne** om verdien og meiningsinnhaldet deira. Dei er **autoritative** informasjonskjelder som **stør pålitelege** og **transparente** administrative prosessar. Dei spelar ei **vesentleg** rolle i samfunnsutviklinga ved at dei **sikrar** og **bidrar** til individets og fellesskapens **minne**. Allmenn tilgang til arkiv gir oss rikare **kunnskap** om samfunnet, fremjar **demokrati**, vernar om **rettane** til innbyggjarane og betrar **livskvaliteten**.

På dette grunnlaget anerkjenner vi

- den unike kvaliteten arkiva har som autentisk dokumentasjon av administrative, kulturelle og intellektuelle aktivitetar, og som spegelbilde av samfunnsutviklinga;
- at arkiv er avgjerande nødvendige for å stø opp om effektivitet, ansvar og transparens i dagleg verksemd, for å verne om rettane til innbyggjarane, for å etablere individuelt og kollektivt minne, for å forstå fortida og for å dokumentere notida med tanke på framtidige tiltak;
- det mangfaldet arkiva har som spor frå alle område av menneskeleg aktivitet;
- det mangfaldet av format som arkiv er skapte i, inkludert papir, elektronisk, audiovisuelt og andre typar;
- arkivarane si rolle som profesjonelle fagpersonar med grunnleggjande og spesialisert utdanning, som tener sitt samfunn ved å bidra til at arkiv blir skapte, og ved å velje ut, forvalte og gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for bruk;
- det kollektive ansvaret alle har – innbyggjarar, offentleg tilsette og avgjerdstakarar, eigarar eller innehavarar av offentlege eller private arkiv, og arkivarar og andre informasjonsspesialistar – i forvaltninga av arkiva.

Difor forpliktar vi oss til å samarbeide for at

- formålstenlege nasjonale arkivprinsipp og -lover blir vedtekne og handheva;
- forvaltninga av arkiv blir verdsett og utført på kompetent vis av alle organ, private eller offentlege, som skapar og brukar arkiv i den daglege verksemda;
- tilstrekkelege ressursar blir tilordna for at arkiv skal bli forvalta på best mogeleg måte, inkludert tilsetjing av profesjonelle fagpersonar;
- arkiv blir forvalta og bevarte på ein måte som sikrar at dei er autentiske, pålitelege, har bevart sin integritet og er brukarvennelege;
- arkiv blir gjorde tilgjengeleg for alle, samstundes som ein respekterer relevante lover og rettane til enkeltpersonar, arkivskaparar, eigarar og brukarar;
- arkiv blir brukte til å bidra til å fremje ansvarleg samfunnsengasjement.

Vedtatt av generalforsamlinga i ICA (The International Council on Archives) i Oslo, september 2010. Godkjent i den 36. sesjonen av Generalkonferansen i Unesco, Paris november 2011.

(nynorsk)



ARKIVVERKET
RIKSARKIVET OG STATSARKIVENE



norsk arkivråd



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway